



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 97

(2000-2001)

Om samtykke til inngåing av avtale av
23. mars 1986 om oppretting av Det
interamerikanske
investeringselskapet (IIC)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 15. juni 2001,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

I denne proposisjonen ber regjeringa om Stortingets samtykke til inngåing av avtale av 23. mai 1986 om oppretting av Det interamerikanske investeringselskapet (Inter-American Investment Corporation - heretter IIC).

IIC starta opp i 1989 som ein sjølvstendig søsterorganisasjon til Den interamerikanske utviklingsbanken (Inter-American Development Bank - heretter IDB). Avtalen legg opp til at IIC skal stimulere til økonomisk utvikling i medlemslanda i regionen gjennom å fremje etablering, utviding og modernisering av primært små og mellomstore private bedrifter, i ei form som støttar opp om det utviklingsarbeidet som IDB utfører i same regionen.

Etter ein periode med nødvendig reorganisering og rasjonalisering har IIC den seinare tida hatt ei positiv utvikling. Under årsmøtet i IDB våren 1999 vedtok medlemslanda ei kapitalutviding i IIC på USD 500 millionar. Dette opna for deltaking av nye medlemmer. Noreg valde, saman med Belgia, Portugal, Sverige og Finland, å bli medlem på føresetnad av parlamentarisk godkjenning. Alle medlemmene i IDB, med unntak av Canada og Storbritannia, vil i så fall vere medlemmer av IIC.

Norsk medlemskap i organisasjonen har som mål å medverke til vekst og sysselsetjing i regionen, særleg i dei fattigaste landa som har liten tilgang på privat kapital. Innanfor ramma av den nye strategien for næringsutvikling i sør vil formålet med norsk medlemskap i IIC vere å påverke organisasjonen i ei utviklingsfremjande retning, i tråd med norske utviklingspolitiske prioriteringar.

Den framforhandla norske deltakinga i kapitalutvidinga er på USD 3 930 000, fordelt på 393 aksjar à USD 10 000. Norsk medlemskap i IIC vil i 2001 innebere ei innbetaling på USD 1 068 960, og deretter USD 476 840 per år dei neste seks åra (2002-2007).

Avtalen i engelsk originaltekst med omsetjing til norsk følgjer som trykt vedlegg til proposisjonen.

2 Nærare om Det interamerikanske investeringselskapet (IIC)

2.1 Bakgrunn

IIC er ei sjølvstendig eining i IDB-gruppa. IDB vart oppretta den 8. april 1959 med det formål å medverke til å fremje den økonomiske og sosiale utviklinga i dei latinamerikanske medlemslanda. Noreg tiltredde avtalen om oppretting av IDB den 22. november 1985, jf. St.prp. nr. 25 (1985-86) og Innst. S. nr. 236 (1985-86), etter tilråding frå Departementet for utviklingshjelp. IDB-gruppa har ein svært høg profil i Latin-Amerika, og er i dag største multilaterale lån-gjevar i regionen. IDB har fått ei sær s viktig rolle i Mellom-Amerika, der organisasjonen har overteke leiarskapen i dei konsultative gruppemøta for mellom anna Noregs viktigaste samarbeidsland i regionen, Nicaragua og Guatemala.

2.2 IIC - formål og funksjonar

I tråd med artikkel I i avtalen om oppretting av IIC arbeider IIC for å fremje økonomisk utvikling i dei regionale medlemslanda gjennom å stimulere til vekst i og modernisering av privat sektor. For å oppfylle si målsetjing, tilbyr IIC - åleine eller i samarbeid med andre långjevarar og investorar - finansiering i form av lån og eigenkapitalinvesteringar til private bedrifter. Det er eit krav at det ikkje skal vere statlege garantiar for den finansieringa som vert tilbydd. I tillegg til å yte finansiell assistanse tilbyr IIC rådgjevingstenester innan finansiering og omorganisering mot betaling. IIC skal også verke som katalysator for å gje private bedrifter auka tilgang til teknologi og kunnskap og til privat og offentleg kapital både frå nasjonale og internasjonale kjelder.

2.3 Kapital og stemmefordeling

Med støtte frå eit kvalifisert fleirtal av medlemmene i IIC (tre firedelar eller meir) vedtok IIC under årsmøtet i IDB-gruppa i 1999 ei kapitalutviding, slik artikkel II i avtalen gjev høve til. Etter kapitalutvidinga har IIC ein samla aksjekapital på nærare USD 700 millionar. Latin-Amerika og Karibia har aksjemajoriteten med aksjar for til saman USD 370 millionar, som tilsvarer 52,67 prosent av det samla stemmetalet. USA vil ha aksjar for USD 176 millionar, som utgjer 25,01 prosent av stemmene. Ikkje-regionale land vil ha aksjar for USD 157 millionar, som til saman svarer til 22,32 prosent av stemmene.

Noreg og dei andre nye nordiske medlemslanda har fått tilbod om medlemskap med ein aksjepost på 0,56 prosent kvar, noko som overstig vår aksjepost i IDB på 0,17 prosent. Vidare har Noreg forhandla seg fram til eit valgruppesamarbeid med dei andre nordiske landa, slik vi har i dei fleste multilaterale finansinstitusjonane der Noreg er medlem. I tillegg vil Frankrike og Sveits delta i valgruppa. Ein slik aksjepost og ei slik valgruppeordning vil vere eit godt grunnlag for innverknad i institusjonen. Dei nordiske landa oppnår halvparten av den samla aksjeposten i valgruppa, og er sikra periodevis tilgang til

leiarvervet for valgruppa. Felles nordiske posisjonar vil bli utvikla gjennom ein tett koordineringsprosess, på same måten som i dei andre multilaterale finansinstitusjonane.

Etter at medlemslanda har innbetalt sin avtala del av aksjekapitalen, kan IIC i følgje artikkel II i avtalen - med støtte frå eit kvalifisert fleirtal av IIC-medlemmene (tre firedelar eller meir) - også be medlemslanda stille til rådvelde garantert kapital dersom dette vert sett som nødvendig. Artikkel II i avtalen opnar også for ytterlegare ordinære kapitalutvidingar.

2.4 Verksemda i IIC

Sidan verksemda starta opp i 1989, har IIC investert USD 530 millionar i prosjekt i over 1 300 bedrifter. I tillegg har IIC mobilisert ytterlegare USD 400 millionar i samfinansieringsmidlar. Til saman har dette medført at prosjekt til ein verdi av meir enn USD 3 milliardar blir eller er blitt gjennomførte som følgje av investeringar IIC har gjort. 85 prosent av IIC-porteføljen er knytt til små og mellomstore bedrifter. Prosjekt som IIC har investert i, har medverka til meir enn 100 000 nye arbeidsplassar og nærare USD 700 millionar i valutainntekter til regionen.

Etter artikkel III i avtalen må bedrifter som søker om midlar frå IIC, dokumentere at prosjektet det vert søkt om midlar til gjev god økonomisk avkastning. Prosjekt som medverkar til utvikling i form av nye arbeidsplassar, generering av valutainntekter, tilførsel av ressursar og teknologi, forbetring av lokale leiingskunnskapar og ein breiare eigarskap i bedriftene, har prioritet. I tillegg prioriterer ein prosjekt som fremjar økonomisk integrasjon mellom Latin-Amerika og Karibia. Bedrifter som får tilgang til finansiering frå IIC, skal helst vere meir enn 50 prosent eigde av statsborgarar frå latinamerikanske land. I tråd med IIC sin miljøpolitikk må prosjekt som kan ha negative miljøkonsekvensar, dokumentere tiltak for å hindre desse.

Trass i dei gode resultata i prosjektporteføljen er IIC blitt kritisert for at prosjekta i for liten grad har ført til fattigdomsreduksjon i Latin-Amerika. IIC måler utviklingseffekten først og fremst i talet på nye arbeidsplassar, og det vert ikkje gjort noka systematisk evaluering av den fattigdomsreduserande effekten av IIC-finansierte prosjekt. Som ledd i den føreslåtte kapitalutvidinga i IIC, har organisasjonen utvikla ein 10-årsplan for verksemda, som mellom anna inneber auka satsing på miljøvennlege prosjekt og prosjekt med større utviklingseffekt. Vidare vil ein arbeide for å auke den noverande investeringsgraden på 25 prosent og i staden redusere låneverksemda. IIC har også forplikta seg til auka satsing i dei fattigare landa i regionen, spesielt dei som ikkje har tilgang til dei internasjonale kapitalmarknadene.

2.5 Oppbygginga av IIC

Etter artikkel IV skal det øvste styrande organet i IIC, rådet, vere samansett av guvernørane som medlemslanda i IIC vel til IDB, så sant medlemslandet ikkje ønskjer å velje ein annan representant. Rådet møtest årleg i samband med årsmøtet i IDB-gruppa. Det er berre rådet som har høve til å gjere endringar i IIC-

avtalen (jf. artikkel VIII i avtalen), vedta kapitalutvidingar, opne for nye medlemmer og setje i verk andre djuptgripande endringar.

Eit styre tek seg av den daglege drifta i IIC. Det er åtskilt frå styret i IDB og har ei anna valgruppeinndeling. Men styret, som har 13 plassar, hentar sine medlemmer frå styret i IDB. Etter artikkel IV i avtalen har den største aksjeeigaren (USA) ein eigen eksekutivdirektør, dei regionale landa er representerte med ni eksekutivdirektørar, mens dei ikkje-regionale landa er representerte med tre eksekutivdirektørar. Kwart land har ei stemmevekt i styret tilsvarande talet på aksjar som landet har innbetalt og garantert. Vedtak i styret må ha støtte frå eit fleirtal i styret.

Artikkel IV i avtalen slår fast at IIC er ein sjølvstendig institusjon i IDB-gruppa, og at kapitalen i IIC skal vere åtskild frå kapitalen i IDB.

Dei fleste medlemslanda i IDB er også medlemmer av IIC. Unntaket frå dette har til nyleg vore Belgia, Portugal, dei nordiske landa (med unntak av Danmark, som vart medlem i IIC i 1998), Canada og Storbritannia. I samband med den nyleg vedtekne kapitalutvidinga på USD 500 millionar vart det opna for opptak av nye medlemmer. Belgia, Portugal, Sverige, Finland og Noreg valde å bli medlemmer. Canada og Storbritannia valde ikkje å søkje om medlemskap; Canada fordi ein ikkje fekk eige sete i styret, Storbritannia fordi ein etter ei samla vurdering ikkje fann institusjonen tilstrekkeleg utviklingsorientert.

2.6 Oppheving av medlemskap i investeringselskapet IIC

Etter artikkel V i avtalen kan eit medlemsland om det ønskjer det, seie opp medlemskapen i IIC med seks månaders varsel. Det aktuelle medlemslandet vil likevel bli ståande finansielt ansvarleg for operasjonar som er igangsette før det er gjeve notifikasjon om oppseiing av medlemskapen. Dette ansvaret gjeld òg for andre skyldnader som medlemslandet måtte ha til IIC. Ved oppseiing av medlemskapen vil IIC kjøpe tilbake aksjane til det aktuelle medlemslandet til den pris dei to partane einast om, eller til bokført verdi av aksjane den dagen medlemskapen opphøyrer.

Medlemsland kan òg suspenderast dersom eit kvalifisert fleirtal (tre fire delar) av rådet einast om dette.

2.7 Rettsleg status, immunitet og privilegium

Artikkel VII i avtalen fastset at IIC skal tilkjennast rettsleg status, immunitet og privilegium i det omfang som er nødvendig for at organisasjonen skal kunne utføre sine oppgåver. Særleg skal organisasjonen ha evne til å inngå kontrakt, disponere over fast eigedom og delta i rettslege prosessar. Arkiva til organisasjonen, men også eigedommar og eigedelar elles, har immunitet etter artikkel VII, høvesvis nr. 5 og nr. 4, mens nr. 7 slår fast retten til fri kommunikasjon. Etter artikkel VII nr. 8 kan tilsette i organisasjonen ikkje rettsforfølgjast på grunnlag av tenestehandlingar. Nr. 9 inneheld reglar om skattefritak for organisasjonen og dei tilsette. Etter nr. 9 b) gjeld fritaket for inntektsskatt ikkje for egne borgarar.

2.8 Avtaletolking og tvisteløysing

Artikkel IX fastset at spørsmål om tolking av føresegnene i avtalen skal avgjerast av styret. Styrevedtak om tolking kan i visse tilfelle leggjast fram for rådet. Dersom visse vilkår er oppfylte, kan ein tvist avgjerast ved skilddom.

2.9 Slutføresegner

Etter artikkel XI nr. 1 bokstav c) i avtalen kan banken ta imot underdeikningar og godtakings- og ratifikasjonsdokument for denne avtalen på eller etter datoen då selskapet startar drifta, frå alle medlemsland i IDB som er godkjende medlemmer etter artikkel II nr. 1 bokstav b).

Artikkel II nr. 1 bokstav b) seier at dei andre medlemslanda i IDB og ikkje-medlemsland i IDB kan tiltre denne avtalen når og på dei vilkår rådet i selskapet måtte vedta med eit fleirtal som representerer minst to tredelar av stemmene til medlemmene, og som skal omfatte to tredelar av rådsmedlemmene.

Etter artikkel XI nr. 2 bokstav a) trer avtalen i kraft for nye medlemsland på datoen då godtakings- eller ratifikasjonsinstrumentet deira er deponert.

3 Norsk medlemskap i IIC - vilkår for norsk medlemsskap

Noreg søkte formelt om medlemsskap i IIC hausten 1998. Forhandlingane om utvida medlemstal i IIC vart hovudsakleg førte i 1998-99. I samband med den kapitalutvidinga som vart vedteken våren 2000, kom ein fram til ei generell semje mellom dei eksisterande medlemmene om at dei skulle frigje delar av aksjepostane sine for å opne for dei landa som ønskjer å bli medlemmer av IIC.

Noreg har fått tilbod om medlemskap gjennom kjøp av 393 aksjar pålydande USD 10 000, i alt USD 3 930 000. Som tidlegare nemnt utgjør dette ein aksjepost på 0,56 prosent. Noreg skal i prinsippet betale inn sin del av aksjekapitalen over totalt åtte år, med like årlege innbetalningar. På bakgrunn av at dei eksisterande medlemmene betalte inn sin første del av kapitalutvidinga allereie i år 2000, vil Noreg og dei andre nye medlemmene betale dobbelt avdrag i 2001. Det vil seie at Noreg vil måtte betale inn USD 1 068 960 innan 31.10.01, og deretter USD 476 840 innan 31.10. kvart av dei neste seks åra (2002-2007). Utgiftene vert å dekkje innanfor ODA-godkjend bistandsramme i det einskilde år. Innbetalingane i 2001 har dekning over kap. 163, post 70, jf. St.prp. nr. 1 (2000-2001).

4 Grunnar for norsk medlemskap i IIC

Regjeringa har hovudsakleg vurdert spørsmålet om norsk medlemskap i IIC ut frå følgjande tre forhold: 1) utviklingspolitiske vurderingar, 2) andre utanrikspolitiske omsyn, og 3) næringslivsinteresser.

4.1 Utviklingspolitiske vurderingar

Landa i regionen er generelt sett betre stilte enn dei fattigaste landa i Afrika og Asia. Medlemskap i IIC vil difor ikkje nå dei fattigaste landa i same grad som bistand gjennom enkelte andre multilaterale organisasjonar. Latin-Amerika er likevel den regionen i verda som har skeivast fordeling av inntekter og eigedom. Fattigdomssituasjonen er prekær for store befolkningsgrupper i Latin-Amerika, trass i at utviklingspotensialet generelt sett er stort. Norsk og nordisk medlemskap og innverknad i IIC kan påverke institusjonen til å bidra til ei positiv utvikling for dei fattigaste landa og dei fattigaste befolkningsgruppene i Latin-Amerika.

IIC vil kunne bli eit nyttig instrument i den nye norske strategien for næringsutvikling i sør. IIC har eit mandat som går ut på å gje privat sektor ei større rolle i utviklingsprosessen ved å tilby finansiering og rådgjeving særleg til små og mellomstore bedrifter i regionen, noko som samsvarer godt med norske utviklingspolitiske prioriteringar. Nord-Sør / Bistandskommisjonen har understreka det nødvendige i å satse på små og mellomstore bedrifter (SMB). Små og mellomstore bedrifter er generelt meir arbeidsintensive og nyttar teknologi som ofte er betre tilpassa lokale forhold enn større bedrifter. Behovet for å satse på SMB vert vidare understreka av den privatiseringa, spesialiseringa og nedlegginga av statsselskap og private selskap som har vore ei følgje av reformprosessen i regionen. Utvikling av privat sektor er generelt ein nødvendig føresetnad for varig fattigdomsreduksjon i Latin-Amerika, og IIC er ei viktig partner for dei latinamerikanske landa i strevet etter å utvikle ein produktiv privat sektor. IIC er òg ein interessant samarbeidspartner for det nye etablerte norske investeringsfondet for næringsverksemd i utviklingsland, NORFUND.

4.2 Andre utanrikspolitiske omsyn

Danmark er alt medlem av IIC, og både Finland og Sverige har søkt om medlemskap. Norsk medlemskap i IIC opnar for nærare nordisk samarbeid i IIC. Gjennom medlemskap i IIC vil Noreg, i utanrikspolitisk samarbeid med andre valgruppemedlemmer, vere med på å påverke organisasjonen frå innsida. Det overordna målet med slik påverknad vil vere å bidra til å styrkje fattigdomsorienteringa i IIC-arbeidet ved å auke utviklingseffekten av prosjekta institusjonen tek på seg.

Medlemskap i IIC har òg eit menneskerettsperspektiv. Investeringsreglane for IIC fremjar opne prosessar hos bedriftene som tek imot finansiering. Organisasjonen stiller også sosiale og miljømessige krav til prosjekta organisasjonen involverer seg i. Desse standardane har ein viktig signaleffekt over-

Om samtykke til inngåing av avtale av 23. mars 1986 om oppretting av Det interamerikanske investeringsselskapet (IIC)

for næringslivet elles, ettersom IIC har ein status som gjer at krava organisasjonen stiller, ofte blir sett på som retningsgjevande for privat verksemd generelt. Ein open og dynamisk privat sektor med basis i små og mellomstore bedrifter kan såleis motverke maktkonsentrasjon.

4.3 Næringslivsinteresser

IIC kan bli ein viktig medspelar både for NORFUND og norsk næringsliv i regionen. IIC legg vekt på rådgjevingsfunksjonen, noko som vil kunne vere av stor verdi for norske firma ved etablering i regionen, og medlemskap i IIC opnar for interessante investerings- og samfinansieringsalternativ for norsk næringsliv. Nærings- og handelsdepartementet har gjennom ei undersøking fått påvist god interesse for norsk medlemskap i IIC hos viktige norske finansinstitusjonar og bedrifter.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til inngåing av avtale av 23. mars 1986 om oppretting av Det interamerikanske investeringsselskapet (IIC).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til inngåing av avtale av 23. mars 1986 om oppretting av Det interamerikanske investeringsselskapet (IIC), i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag til vedtak om samtykke til
inngåing av avtale av 23. mars 1986
om oppretting av Det
interamerikanske investerings-
skapet (IIC)**

I

Stortinget samtykkjer i inngåing av avtale av 23. mars 1986 om oppretting av Det interamerikanske investerings-selskapet (IIC).

Vedlegg 1

Agreement establishing the Interamerican Investment Corporation

The Agreement Establishing the Inter-American Investment Corporation became effective March 23, 1986. The text set forth herein is a true copy of the Agreement as amended by resolution effective October 3, 1995.

Washington, DC

January 1996

The countries on behalf of which this Agreement is signed agree to create the Inter-American Investment Corporation, which shall be governed by the following provisions:

Article I

Purpose and functions

Section 1. Purpose

The purpose of the Corporation shall be to promote the economic development of its regional developing member countries by encouraging the establishment, expansion, and modernization of private enterprises, preferably those that are small and medium-scale, in such a way as to supplement the activities of the InterAmerican Development Bank (hereinafter referred to as «the Bank»).

Enterprises with partial share participation by government or other public entities, whose activities strengthen the private sector of the economy, are eligible for financing by the Corporation.

Section 2. Functions

In order to accomplish its purpose, the Corporation shall undertake the following functions in support of the enterprises referred to in Section 1:

- a) Assist, alone or in association with other lenders or investors, in the financing of the establishment, expansion and modernization of enterprises, utilizing such instruments and/or mechanisms as the Corporation deems appropriate in each instance;
- b) Facilitate their access to private and public capital, domestic and foreign, and to technical and managerial knowhow;
- c) Stimulate the development of investment opportunities conducive to the flow of private and public capital, domestic and foreign, into investments in the member countries;
- d) Take in each case the proper and necessary measures for their financing, bearing in mind their needs and principles based on prudent administration of the resources of the Corporation; and
- e) Provide technical cooperation for the preparation, financing and execution of projects, including the transfer of appropriate technology.

Section 3. Policies

The activities of the Corporation shall be conducted in accordance with the operating, financial and investment policies set forth in detail in Regulations approved by the Board of Executive Directors of the Corporation, which Regulations may be amended by said Board.

Article II

Members and capital

Section 1. Members

- a) The founding members of the Corporation shall be those member countries of the Bank that have signed this Agreement by the date specified in Article XI, Section 1(a) and made the initial payment required in Section 3(b) of this Article.
- b) The other member countries of the Bank and non-member countries of the Bank may accede to this Agreement on such date and in accordance with such conditions as the Board of Governors of the Corporation may determine by a majority representing at least twothirds of the votes of the members, which shall include twothirds of the Governors.
- c) The word «members» as used in this Agreement shall refer to member countries of the Bank and non-member countries of the Bank which are members of the Corporation.

Section 2. Resources

- a) The initial authorized capital stock of the Corporation shall be two hundred million dollars of the United States of America (US\$200,000,000).
- b) The authorized capital stock shall be divided into twenty thousand (20,000) shares having a par value of ten thousand dollars of the United States of America (US\$10,000) each. Any shares not initially subscribed by the founding members in accordance with Section 3(a) of this Article shall be available for subsequent subscription in accordance with Section 3(d) hereof.
- c) The Board of Governors may increase the authorized capital stock as follows:
 - i. by twthirds of the votes of the members, when such increase is necessary for the purpose of issuing shares, at the time of initial subscription, to members of the Bank other than founding members, provided that the aggregate of any increases authorized pursuant to this subparagraph does not exceed 2,000 shares;
 - ii. in any other case, by a majority representing at least threefourths of the votes of the members, which shall include twothirds of the Governors.
- d) In addition to the authorized capital referred to above, the Board of Governors may, after the date in which the initial authorized capital has been fully paid in, authorize the issue of callable capital and establish the terms and conditions for the subscription thereof, as follows:
 - i. such decision shall be approved by a majority representing at least

- threefourths of the votes of the members, which shall include twothirds of the Governors; and
- ii. the callable capital shall be divided into shares with a par value of ten thousand dollars of the United States of America (US\$10,000) each.
- e) The callable capital shares shall be subject to call only when required to meet the obligations of the Corporation created under Article III, Section 7(a). In the event of such a call, payment may be made at the option of the member in United States dollars, or in the currency required to discharge the obligations of the Corporation for the purpose for which the call is made. Calls on the shares shall be uniform and proportionate for all shares. Obligations of the members to make payments on any such calls are independent of each other and failure of one or more members to make payments on any such calls shall not excuse any other member from its obligation to make payment. Successive calls may be made if necessary to meet the obligations of the Corporation.
- f) The other resources of the Corporation shall consist of:
- i. amounts accruing by way of dividends, commissions, interest, and other funds derived from the investments of the Corporation;
 - ii. amounts received upon the sale of investments or the repayment of loans;
 - iii. amounts raised by the Corporation by means of borrowings; and
 - iv. other contributions and funds entrusted to its administration.

Section 3. Subscriptions

- a) Each founding member shall subscribe the number of shares specified in Annex A.
- b) The payment for capital stock, set forth in Annex A, by each founding member shall be made in four annual, equal and consecutive installments each of twentyfive percent of such amount. The first installment shall be paid by each member in full within three months after the date on which the Corporation begins operation pursuant to Article XI, Section 3 below, or the date on which such founding member accedes to this Agreement, or by such date or dates thereafter as the Board of Executive Directors of the Corporation specifies. The remaining three installments shall be paid on such dates as are determined by the Board of Executive Directors of the Corporation but not earlier than December 31, 1985, December 31, 1986, and December 31, 1987, respectively. The payment of each of the last three installments of capital subscribed by each of the member countries shall be subject to fulfillment of such legal requirements as may be appropriate in the respective countries. Payment shall be made in United States dollars. The Corporation shall specify the place or places of payment.
- c) Shares initially subscribed by the founding members shall be issued at par.
- d) The conditions governing the subscription of shares to be issued after the initial share subscription by the founding members which shall not have been subscribed under Article II, Section 2(b), as well as the dates of payment thereof, shall be determined by the Board of Executive Directors of the Corporation.

Section 4. Restriction on Transfers and Pledge of Shares

Shares of the Corporation may not be pledged, encumbered or transferred in any manner whatever except to the Corporation, unless the Board of Governors of the Corporation approves a transfer between members by a majority of the Governors representing fourfifths of the votes of the members.

Section 5. Preferential Subscription Right

In case of an increase in capital, in accordance with Section 2(c) and (d) of this Article, each member shall be entitled, subject to such terms as may be established by the Corporation, to a percentage of the increased shares equivalent to the proportion which its shares heretofore subscribed bears to the total capital of the Corporation. However, no member shall be obligated to subscribe to any part of the increased capital.

Section 6. Limitation on Liability

The liability of members on the shares subscribed by them shall be limited to the unpaid portion of their price at issuance. No member shall be liable, by reason of its membership, for obligations of the Corporation.

Article III

Operations

Section 1. Operating Procedures

In order to accomplish its purposes, the Corporation is authorized to:

- a) Identify and promote projects which meet criteria of economic feasibility and efficiency, with preference given to projects that have one or more of the following characteristics:
 - i. they promote the development and use of material and human resources in the developing countries which are members of the Corporation;
 - ii. they provide incentives for the creation of jobs;
 - iii. they encourage savings and the use of capital in productive investments;
 - iv. they contribute to the generation and/or savings of foreign exchange;
 - v. they foster management capability and technology transfer; and
 - vi. they promote broader public ownership of enterprises through the participation of as many investors as possible in the capital stock of such enterprises;
- b) Make direct investments, through the granting of loans, and preferably through the subscription and purchase of shares or convertible debt instruments, in enterprises in which a majority of the voting power is held by investors with Latin American citizenship, and make indirect investments in such enterprises through other financial institutions. In addition, in limited cases to be approved by the Board of Executive Directors, make direct investments in small and medium-scale enterprises located in developing regional member countries, whose voting power is majority-

- owned by non-regional investors and in which significant generation of otherwise unavailable local added value is present;
- c) Promote the participation of other sources of financing and/or expertise through appropriate means, including the organization of loan syndicates, the underwriting of securities and participations, joint ventures, and other forms of association such as licensing arrangements, marketing or management contracts;
 - d) Conduct cofinancing operations and assist domestic financial institutions, international institutions and bilateral investment institutions;
 - e) Provide technical cooperation, financial and general management assistance, and act as financial agent of enterprises;
 - f) Help to establish, expand, improve and finance development finance companies in the private sector and other institutions to assist in the development of said sector;
 - g) Promote the underwriting of shares and securities issues, and extend such underwriting provided the appropriate conditions are met, either individually or jointly with other financial entities;
 - h) Administer funds of other private, public or semipublic institutions; for this purpose, the Corporation may sign management and trustee contracts;
 - i) Conduct currency transactions essential to the activities of the Corporation; and
 - j) Issue bonds, certificates of indebtedness and participation certificates, and enter into credit agreements.

Section 2. Other Forms of Investments

The Corporation may make investments of its funds in such form or forms as it may deem appropriate in the circumstances, in accordance with Section 7(b) below.

Section 3. Operating Principles

The operations of the Corporation shall be governed by the following principles:

- a) It shall not establish as a condition that the proceeds of its financing be used to procure goods and services originating in a predetermined country;
- b) It shall not assume responsibility for managing any enterprise in which it has invested and shall not exercise its voting rights for such purpose or for any other purpose which, in its opinion, is properly within the scope of managerial control;
- c) It shall provide financing on terms and conditions which it considers appropriate taking into account the requirements of the enterprises, the risks assumed by the Corporation and the terms and conditions normally obtained by private investors for similar financings;
- d) It shall seek to revolve its funds by selling its investments, provided such sale can be made in an appropriate form and under satisfactory conditions, to the extent possible in accordance with Section 1(a)(vi) above;
- e) It shall seek to maintain a reasonable diversification in its investments;
- f) It shall apply financial, technical, economic, legal and institutional feasibility criteria to justify investments and the adequacy of the guarantees offered.

red; and

- g) It shall not undertake any financing for which, in its opinion, sufficient capital could be obtained on adequate terms.

Section 4. Limitations

- a) With the exception of the investment of liquid assets of the Corporation referred to in Section 7(b) of this Article, investments of the Corporation shall be made only in enterprises located in developing regional member countries; such investments shall be made following sound rules of financial management.
- b) The Corporation shall not provide financing or undertake other investments in an enterprise in the territory of a member country if its government objects to such financing or investment.

Section 5. Protection of Interests

Nothing in this Agreement shall prevent the Corporation from taking such action and exercising such rights as it may deem necessary for the protection of its interests in the event of default on any of its investments, actual or threatened insolvency of enterprises in which such investments have been made, or other situations which, in the opinion of the Corporation, threaten to jeopardize such investments.

Section 6. Applicability of Certain Foreign Exchange Restrictions

Funds received by or payable to the Corporation in respect of an investment of the Corporation made in any member's territories shall not be free, solely by reason of any provision of this Agreement, from generally applicable foreign exchange restrictions, regulations and controls in force in the territories of that member.

Section 7. Other Powers

The Corporation shall also have the power to:

- a) Borrow funds and for that purpose furnish such collateral or other security as the Corporation shall determine, provided that the total amount outstanding on borrowing incurred or guarantees given by the Corporation, regardless of source, shall not exceed an amount equal to three times the sum of its subscribed capital, earned surplus and reserves;
- b) Invest funds not immediately needed in its financial operations, as well as funds held by it for other purposes, in such marketable obligations and securities as the Corporation may determine;
- c) Guarantee securities in which it has invested in order to facilitate their sale;
- d) Buy and/or sell securities it has issued or guaranteed or in which it has invested;
- e) Handle, on such terms as the Corporation may determine, any specific matters incidental to its business as may be entrusted to the Corporation by its shareholders or third parties, and discharge the duties of trustee in respect of trusts; and

- f) Exercise all other powers inherent and which may be necessary or useful for the accomplishment of its purposes, including the signing of contracts and conducting of necessary legal actions.

Section 8. political activity prohibited

The Corporation and its officers shall not interfere in the political affairs of any member; nor shall they be influenced in their decisions by the political character of the member or members concerned. Only economic considerations shall be relevant to decisions of the Corporation, and these considerations shall be weighed impartially in order to achieve the purposes stated in this Agreement.

Article IV

Organization and management

Section 1. Structure of the Corporation

The Corporation shall have a Board of Governors, a Board of Executive Directors, a Chairman of the Board of Executive Directors, a General Manager and such other officers and staff as may be determined by the Board of Executive Directors of the Corporation.

Section 2. Board of Governors

- a) All the powers of the Corporation shall be vested in the Board of Governors.
- b) Each Governor and Alternate Governor of the InterAmerican Development Bank appointed by a member country of the Bank which is also a member of the Corporation shall, unless the respective country indicates to the contrary, be a Governor or Alternate Governor ex officio, respectively, of the Corporation. No Alternate Governor may vote except in the absence of his principal. The Board of Governors shall select one of the Governors as Chairman of the Board of Governors. A Governor and Alternate Governor shall cease to hold office if the member by which they were appointed ceases to be a member of the Corporation.
- c) The Board of Governors may delegate all its powers to the Board of Executive Directors, except the power to:
- i. admit new members and determine the conditions of their admission;
 - ii. increase or decrease the capital stock;
 - iii. suspend a member;
 - iv. consider and decide appeals on interpretations of this Agreement made by the Board of Executive Directors;
 - v. approve, after receipt of the auditors' report, the general balance sheets and the statements of profit and loss of the institution;
 - vi. rule on reserves and the distribution of net income, and declare dividends;
 - vii. engage the services of external auditors to examine the general balance sheets and the statements of profit and loss of the institution;
 - viii. amend this Agreement; and
 - ix. decide to suspend permanently the operations of the Corporation

myriad to distribute its assets.

- d) The Board of Governors shall hold an annual meeting, which shall be held in conjunction with the annual meeting of the Board of Governors of the InterAmerican Development Bank. It may meet on other occasions by call of the Board of Executive Directors.
- e) A quorum for any meeting of the Board of Governors shall be a majority of the Governors representing at least two-thirds of the votes of the members. The Board of Governors may establish a procedure whereby the Board of Executive Directors, if it deems appropriate, may submit a specific question to a vote of the Governors without calling a meeting of the Board of Governors.
- f) The Board of Governors and the Board of Executive Directors, to the extent the latter is authorized, may issue such rules and regulations as may be necessary or appropriate to conduct the business of the Corporation.
- g) Governors and Alternate Governors shall serve as such without compensation from the Corporation.

Section 3. Voting

- a) Each member shall have one vote for each fully paid share held by it and for each callable share subscribed.
- b) Except as otherwise provided, all matters before the Board of Governors or the Board of Executive Directors shall be decided by a majority of the votes of the members.

Section 4. Board of Executive Directors

a.	The Board of Executive Directors shall be responsible for the conduct of the operations of the Corporation and for this purpose shall exercise all the powers given it by this Agreement or delegated to it by the Board of Governors.	
b.	The Executive Directors and Alternates shall be elected or appointed among the Executive Directors and Alternates of the Bank except when:	
	i.	a member country or a group of member countries of the Corporation is represented in the Board of Executive Directors of the Bank by an Executive Director and an Alternate which are citizens of countries which are not members of the Corporation; and
	ii.	given the different structure of participation and composition, the member countries referred to in (c)(iii) below, as per the rotation arrangement agreed upon among said member countries, designate their own representatives for the positions corresponding to them in the Board of Executive Directors of the Corporation, whenever they could not be adequately represented by Directors or Alternates of the Bank.
c.	The Board of Executive Directors of the Corporation shall be composed as follows	
	i.	one Executive Director shall be appointed by the member country having the largest number of shares in the Corporation;
	ii.	nine Executive Directors shall be elected by the Governors for the regional developing member countries;
	iii.	two Executive Directors shall be elected by the Governors for the remaining member countries.

	The procedure for the election of Executive Directors shall be set forth in the Regulations to be adopted by the Board of Governors by a majority of at least twothirds of the votes of the members.
	One additional Executive Director may be elected by the Governors for the member countries mentioned in (iii) above under such conditions and within the term to be established under said Regulations and, in the event that such conditions were not met, by the Governors for the regional developing member countries, in conformity with the provisions of said Regulations.
	Each Executive Director may designate an Alternate Director who shall have full power to act for him when he is not present.
d.	No Executive Director may simultaneously serve as a Governor of the Corporation.
- f) vere med på å opprette, utvide, forbetre og finansiere selskap i privat sektor som driv med utviklingsfinansiering, og også andre institusjoner, for å medverke til utviklinga i denne sektoren,
- g) fremje garantistilling ved aksje- og verdipapiremisjoner, tilby slik garanti-
stilling dersom at dei aktuelle vilkåra er oppfylte, enten individuelt eller i fellesskap med andre finansinstitusjoner,
- h) administrere fond eller andre private, offentlege eller halvoffentlege institusjoner; her kan selskapet inngå fondsforvaltaravtalar,
- i) utføre valutatransaksjoner som er vesentlege for verksemda i selskapet, og
- j) skrive ut obligasjonar, gjeldssertifikat og deltakarsertifikat og inngå kredittavtalar.

2. Andre former for investering

Selskapet kan investere sine midlar i den form eller dei former det finn eigna under omstenda, i samsvar med nr. 7 bokstav b) nedanfor.

3. Driftsprinsipp

Selskapet skal drivast etter følgjande prinsipp:

- a) Det skal ikkje stille som krav at avkastninga det har på finansiering, skal brukast til å kjøpe varer og tenester i eit land utpeika på førehand.
- b) Det skal ikkje ta på seg ansvar for å leie noko foretak som det har investert i, og skal ikkje bruke stemmeretten sin til slikt formål eller til anna formål som det meiner høyrer inn under leiinga sitt ansvarsområde.
- c) Det skal yte finansiering på vilkår som det finn eigna ut frå dei behov foretaket har, risikoen selskapet tek og vilkåra private investorar normalt oppnår ved tilsvarande finansiering.
- d) Det skal søkje å la midlane sirkulere ved å selje investeringar når slikt sal kan skje på eigna måte og på tilfredsstillande vilkår, i den grad dette er mogeleg i samsvar med nr. 1 bokstav a) vi) ovanfor.
- e) Det skal søkje å spreie investeringane sine i rimeleg grad.
- f) Det skal bruke økonomiske, tekniske, rettslege og institusjonelle kriterium for å sikre at investeringane er forsvarlege og at garantiane som vert stilte er tilstrekkelege.
- g) Det skal ikkje ta på seg finansiering som det meiner det kan skaffast til-

strekkeleg kapital til på tilfredsstillande vilkår.

4. Avgrensingar

- a) Utanom investeringar med likvide midlar i selskapet som nemnt i nr. 7 bokstav b) i denne artikkelen, skal selskapet berre investere i føretak som ligg i regionale utviklingsland som er medlemmer; slike investeringar skal gjerast etter forsvarlege økonomireglar.
- b) Selskapet skal ikkje yte finansiering eller investere på andre måtar i føretak på territoriet til eit medlemsland dersom regjeringa i vedkommande land set seg imot slik finansiering eller investering.

5. Vern av interesser

Denne avtalen skal ikkje på noko vis hindre selskapet i å setje i verk dei tiltak og utøve dei rettar det finn nødvendige for å verne om sine interesser ved misleghald av investeringar, ved konkurs eller fare for konkurs i føretak som det er gjort slike investeringar i eller i andre situasjonar som etter selskapet si meining kan setje slike investeringar i fare.

6. Restriksjonar på utanlandsk valuta

Midlar som blir betalte eller skal betalast til selskapet i samband med investeringar som selskapet har gjort på territoriet til ein medlem, skal ikkje berre på grunnlag av føresegnar i denne avtalen vere fritekne for restriksjonar, føresegnar og kontrollmekanismar for framand valuta som gjeld generelt og som er i kraft på territoriet til slik medlem.

7. Andre fullmakter

Selskapet skal òg ha fullmakt til:

- a) å ta opp lån og til dette formålet å stille slik sideordna eller anna sikring som selskapet bestemmer, så sant samla uteståande beløp på låneopptak eller garantiar gjevne av selskapet, uansett kjelde, ikkje overstig tre gonger summen av teikna aksjekapital, opptent overskot og reservar,
- b) å investere midlar som det ikkje omgåande treng i sine finansoperasjonar, og i tillegg midlar det har ståande til andre formål, i slike omsetjelege obligasjonar og verdipapir som selskapet bestemmer,
- c) å garantere verdipapir som det har investert i for å lette salet av desse,
- d) å kjøpe og/eller selje verdipapir det har skrive ut eller garantert eller som det har investert i,
- e) på dei vilkår selskapet bestemmer, å ta hand om konkrete spørsmål som har å gjere med drifta og som aksjonærane eller tredjepartar overlet til selskapet, og utføre forvaltaroppgåver i samband med fond,
- f) å utøve alle andre fullmakter som ligg til og som måtte vere nødvendige eller nyttige for å oppfylle formåla, mellom anna inngå kontraktar og gå til sak der det trengst.

8. Forbod mot politisk aktivitet

Selskapet og dei som representerer det skal ikkje blande seg inn i politiske saker hos nokon medlem, og skal heller ikkje la seg påverke i sine avgjerder

av politiske tilhøve hos vedkommande medlem eller medlemmer. Berre økonomiske omsyn skal vere relevante for avgjerdene selskapet tek, og desse omsyna skal vegast sakleg mot kvarandre for å oppfylle formåla som er fastsette i denne avtalen.

Artikkel IV

Organisasjon og leiing

1. Selskapsstruktur

Selskapet skal ha eit råd, eit styre, ein styreleiar, ein direktør og slik leiing og stab som styret for selskapet elles bestemmer.

2. Råd

- a) Alle fullmakter i selskapet skal liggje hos rådet.
- b) Kvar medlem og varamedlem av rådet i Den interamerikanske utviklingsbanken som er utpeika av eit medlemsland i banken som òg er medlem i selskapet, skal, med mindre vedkommande land vedtek anna, automatisk vere medlem, høvesvis varamedlem, av rådet for selskapet. Varamedlem av rådet har ikkje stemmerett med mindre medlemmen er fråverande. Rådet skal velje ein av rådsmedlemmene som leiar for rådet. Medlem og varamedlem av rådet skal gå frå verva dersom landet dei er utpeika av, ikkje lenger er medlem av selskapet.
- c) Rådet kan delegere alle sine fullmakter til styret, unnateke fullmakta til å:
 - i. ta opp nye medlemmer og fastsetje vilkåra for slikt opptak,
 - ii. auke eller minske aksjekapitalen,
 - iii. suspendere ein medlem,
 - iv. vurdere og ta stilling til spørsmål frå styret om tolkingar av denne avtalen,
 - v. godkjenne den generelle balanserekneskapen og resultatrekneskapen for institusjonen etter å ha fått revisorrapport,
 - vi. bestemme over reservar og fordeling av årsoverskot, erklære utbytte,
 - vii. leige eksterne revisorar til å gå gjennom balanserekneskapen og resultatrekneskapen for institusjonen,
 - viii. endre denne avtalen,
 - ix. vedta å stanse drifta i selskapet for godt og fordele egedelane.
- d) Rådet skal halde årsmøte, som skal avviklast i samband med årsmøtet i rådet for Den interamerikanske utviklingsbanken. Det kan møtast til andre tider dersom styret ber om det.
- e) Møte i rådet skal vere vedtaksført når eit fleirtal av rådsmedlemmene som representerer minst to tredelar av stemmene til medlemslanda, er til stades. Rådet kan fastsetje ein prosedyre som gjer at styret, dersom rådet finn det passande, kan leggje eit konkret spørsmål fram for rådsmedlemmene til avstemning utan å kalle inn til møte i rådet.
- f) Rådet og styret, når sistnemnde har fullmakt, kan gje slike reglar og føresegner som måtte vere nødvendige eller passande for å drive verksemda i selskapet.
- g) Medlemmer og varamedlemmer av rådet skal sitje i verva utan godtgjersle frå selskapet.

3. Stemmerett

- a) Kwart medlemsland skal ha ei stemme for kvar fullt innbetalt aksje det eig og for kvar aksje det har teikna og som kan bli innkalla.
- b) Når ikkje anna er fastsett, skal alle saker som kjem opp i rådet eller styret avgjerast med eit fleirtal av stemmene til medlemmene.

4. Styre

a.	Styret skal vere ansvarleg for forretningsdrifta i selskapet, og skal i samband med dette utøve alle fullmakter det får gjennom denne avtalen eller som vert delegerte til det av rådet.
b.	Medlemmer og varamedlemmer av styret skal veljast eller utnemnast blant medlemmene og varamedlemmene av styret for banken, unnateke når:
i.	eit medlemsland eller ei gruppe medlemsland i selskapet er representert i styret for banken av ein medlem og ein varamedlem som er borgarar av land som ikkje er medlemmer i selskapet,
ii.	medlemslanda som er nemnde i bokstav c) iii) nedanfor, ut frå den ulike strukturen i deltaking og samansetjing og i samsvar med rotasjonsordninga som er avtala mellom dei nemnde medlemslanda, utnemner sine eigne representantar til stillingane dei har rett til i styret for selskapet, dersom dei ikkje ville kunne bli tilstrekkeleg representerte av medlemmer eller varamedlemmer av styret i banken.
c.	Styret i selskapet skal vere slik samansett:
i.	ein styremedlem skal utnemnast av medlemslandet med flest aksjar i selskapet,
ii.	ni styremedlemmer skal veljast av rådsmedlemmene for dei regionale utviklingslanda som er medlemmer,
iii.	to styremedlemmer skal veljast av rådsmedlemmene for dei resterande medlemslanda.
	Framgangsmåten ved val av styremedlemmer skal vere som fastsett i dei vedtektene rådet skal vedta med eit fleirtal på minst to tredelar av stemmene til medlemmene.
	Ytterlegare ein styremedlem kan veljast av rådsmedlemmene for dei medlemslanda som er nemnde under iii) ovanfor på dei vilkår og innan det tidsrommet som vert fastsett i dei nemnde vedtektene, og, dersom desse vilkåra ikkje er oppfylte, av rådsmedlemmene for dei regionale utviklingslanda som er medlemmer, i samsvar med føresegnene i nemnde vedtekter.
d.	Ingen styremedlem kan samtidig sitje som medlem av rådet i selskapet.
e.	Valde styremedlemmer skal veljast for periodar på tre år og kan attveljast for fleire periodar.
f.	Kvar styremedlem skal ha rett til å avleggje like mange stemmer som det eller dei medlemsland i selskapet som stemde for at vedkommande skulle utnemnast eller veljast, har rett til å avleggje.
g.	Alle stemmene ein styremedlem har rett til å bruke, skal avleggjast som ei blokk.
h.	Dersom ein styremedlem og varamedlemmen for vedkommande vert mellombels fråverande, kan styremedlemmen, eller varamedlemmen dersom førstnemnde er fråverande, peike ut ein person til å representere han.
i.	Ein styremedlem skal gå frå vervet dersom alle medlemslanda som stemde for at vedkommande skulle utnemnast eller veljast, ikkje lenger er medlemmer av selskapet.
j.	Styret skal verke i hovudkvarteret til selskapet, eller unntaksvis på annan stad som styret fastset, og skal møtast så ofte forretningane i institusjonen krev det.

k.	Eit styremøte skal vere vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemmene som representerer minst to tredelar av stemmene til medlemslanda, er til stades.
l.	Kvart medlemsland i selskapet kan sende ein representant til å oververe møte i styret når styret har føre ei sak som spesielt vedgår dette medlemslandet. Rådet skal regulere denne retten til representasjon.

5. Grunnleggjande organisering

Styret skal fastsetje den grunnleggjande organiseringa av selskapet, mellom anna kor mange overordna administrative og faglege stillingar det skal vere og dei generelle ansvarsområda som skal liggje til desse, og skal vedta budsjett for institusjonen.

6. Styrekomité (Executive Committee of the Board of Executive Directors)

a.	Styrekomitéen skal vere samansett av:	
	i.	ein person som er medlem eller varamedlem av styret og er utnemnd av medlemslandet med flest aksjar i selskapet,
	ii.	to personar frå styret som representerer dei regionale utviklingslanda som er medlemmer i selskapet, og
	iii.	ein person frå styret som representerer dei andre medlemslanda.
	Medlemmer og varamedlemmer til styrekomitéen for kategoriane ii) og iii) ovanfor skal veljast av medlemmene i kvar gruppe etter dei framgangsmåtar kvar gruppe fastset.	
b.	Styreleiaren skal leie møta i styrekomitéen. Dersom han er fråverande, skal ein medlem av styrekomitéen veljast ved rotasjon til å leie møta.	
c.	Styrekomitéen skal vurdere alle lån og investeringar selskapet gjer i føretak i medlemslanda.	
d.	Alle lån og investeringar skal godkjennast ved stemmefleirtal i styrekomitéen. Styrekomitésmøte er vedtaksført når tre er til stades. Dersom ein styrekomitémedlem er fråverande eller ikkje stemmer, skal dette teljast som ei negativ stemme.	
e.	Ein rapport for kvar operasjon styrekomitéen godkjenner, skal leggjast fram for styret. Dersom ein styremedlem krev det, skal styret stemme over operasjonen. Dersom dette ikkje vert kravd innan den fristen styret set, skal ein operasjon reknast som godkjend av styret.	
f.	Dersom ei avstemning over ein føreslått operasjon får uavgjort resultat, skal forslaget sendast tilbake til leiinga for vidare gjennomgang og analyse; dersom styrekomitéen ved ny førehaving igjen kjem til eit uavgjort avstemningsresultat, skal styreleiaren ha rett til å bruke dobbeltstemme i styrekomitéen.	
g.	Dersom styrekomitéen avviser ein operasjon, kan styret etter oppmoding frå ein styremedlem krevje at rapporten frå leiinga om denne operasjonen, saman med eit samandrag av førehavinga i utvalet, skal leggjast fram for styret for drøfting og eventuell tilråding om dei tekniske og prinsipielle spørsmåla i tilknytning til operasjonen og om liknande operasjonar i framtida.	

7. Styreleiar, direktør og funksjonærar

- Direktøren for banken skal i kraft av si stilling vere styreleiar i selskapet. Han skal leie møta i styret, men har berre stemmerett ved likt stemmetal. Han kan ta del i møte i rådet, men skal ikkje stemme i slike møte.
- Direktør for selskapet skal etter tilråding frå styreleiaren utnemnast av styret med fire femdelar av det samla stemmegrunnlaget, for det tidsrom styreleiaren fastset. Direktøren skal vere sjef for leiing og tilsette i selskapet.

Under leiing av styret og generelt oppsyn av styreleiaren skal han stå for den ordinære forretningsdrifta i selskapet, og i samråd med styret og styreleiaren skal han vere ansvarleg for organisering, utnemning og oppseiing av overordna og anna personale. Direktøren kan delta på styremøte, men skal ikkje stemme på slike møte. Direktøren skal gå frå stillinga etter eiga oppseiing eller etter vedtak som styret gjer med tre femdelar av det samla stemmegrunnlaget og som styreleiaren sluttar seg til.

- c) Når det skal utførast aktivitetar som krev spesialkunnskap eller som ikkje kan handterast av dei faste medarbeidarane i selskapet, skal selskapet søkje teknisk assistanse frå medarbeidarane i banken; dersom kompetansen ikkje er tilgjengeleg, kan tenester mellombels leigast inn frå ekspertar og konsulentar.
- d) Innehavarane av stillingar og verv i selskapet skal i si yrkesutøving ha all sin skyldnad mot selskapet og ikkje vedkjenne seg nokon annan autoritet. Kvart medlemsland skal respektere det internasjonale innhaldet i denne skyldnaden.
- e) I valet av medarbeidarar og ved fastsetjing av tenestevilkår for desse skal selskapet ta tilbørleg omsyn til det overordna behovet for å sikre høgste grad av effektivitet, kompetanse og integritet. Det skal òg takast tilbørleg omsyn til behovet for å rekruttere medarbeidarane på eit breiast mogeleg geografisk grunnlag, ettersom selskapet er ein regional institusjon.

8. Tilhøve til banken

- a) Selskapet skal vere ei eiga eining som er skild frå banken. Midlane i selskapet og i banken skal haldast frå kvarandre. Føresegnene i dette nummeret skal ikkje hindre selskapet i å gjere avtalar med banken om anlegg, personell, tenester og anna når det gjeld betaling for administrative utgifter den eine organisasjonen har betalt på vegner av den andre.
- b) Selskapet skal så langt råd er søkje å nyttiggjere seg anlegga, installasjonane og personellet til banken.
- c) Denne avtalen skal ikkje på nokon måte gjere selskapet ansvarleg for det banken gjer eller pliktar å gjere, eller banken for det selskapet gjer eller pliktar å gjere.

9. Offentleggjing av årsmeldingar og utsending av rapportar

- a) Selskapet skal offentliggjere årsmelding med revidert rekneskap. Det skal òg sende medlemmene eit kvartalsvis samandrag av den økonomiske stillinga og ein resultatrekneskap som viser resultata av drifta.
- b) For å fylle sine formål og oppgåver kan selskapet òg offentliggjere andre rapportar som det finn eigna.

10. Utbytte

- a) Rådet kan fastsetje kor stor del av netto inntekter og overskot i selskapet som skal utdelast som utbytte etter avsetjing av reservar.
- b) Utbytte skal fordelast pro rata i høve til innbetalt aksjekapital for kvar medlem.
- c) Utbytte skal betalast på den måten og i den valutaen eller dei valutaene selskapet fastset.

Artikkel V

Tilbaketrekking, suspensjon av medlemmer

1. Rett til å trekkje seg som medlem

- a) Eit medlemsland kan trekkje seg frå selskapet ved å melde skriftleg frå til hovudkontoret for selskapet om at det aktar å gjere dette. Slik tilbaketrekking skal ha verknad frå den datoen som er fastsett i meldinga, men aldri tidlegare enn seks månader etter datoen då slik melding vart overlevert til selskapet. Før tilbaketrekkinga har tredd i kraft, kan medlemslandet når som helst ved skriftleg varsel til selskapet gjere om vedtaket om tilbaketrekking.
- b) Sjølv etter å ha trekt seg som medlem, skal eit medlemsland vere ansvarleg for alle skyldnader mot selskapet som det hadde på datoen då meldinga om tilbaketrekking vart overlevert, også dei som er nemnde i nr. 3 i denne artikkelen. Dersom tilbaketrekkinga får verknad, skal eit medlemsland derimot ikkje gjerast ansvarleg for skyldnader som følgjer av operasjonar selskapet set i verk etter datoen då sistnemnde tok imot meldinga om tilbaketrekking.

2. Suspensjon av medlemmer

- a) Ein medlem som ikkje oppfyller alle sine skyldnader mot selskapet etter denne avtalen, kan suspenderast etter vedtak i rådet gjort med eit fleirtal som representerer minst tre firedelar av stemmene til medlemmene, og som skal omfatte to tredelar av rådsmedlemmene.
- b) Ein medlem som vert suspendert, vert automatisk strøken som medlem av selskapet innan eitt år frå suspensjonsdatoen så sant rådet ikkje med same fleirtal som i bokstav a) ovanfor vedtek å oppheve suspensjonen.
- c) Så lenge eit medlemsland er suspendert, kan det ikkje utøve nokon av dei rettane det har gjennom denne avtalen, utanom retten til å trekkje seg som medlem, men er framleis forplikta til å oppfylle alle sine skyldnader.

3. Vilkår for å trekkje seg som medlem

- a) Frå det tidspunktet medlemskapen opphøyrer, skal eit medlemsland ikkje lenger vere med og dele på overskot eller tap i institusjonen, og skal ikkje gjerast delaktig i noko ansvar for lån eller garantiar som selskapet tek på seg etter dette. Selskapet skal løyse inn aksjane til medlemmen som ein del av oppgjeret i samsvar med føresegnene i dette nummeret.
- b) Selskapet og ein medlem kan avtale tilbaketrekking og innløysing av aksjar for vedkommande medlem på vilkår som passar under omstenda. Viss det ikkje vert oppnådd semje om dette innan tre månader etter datoen då slikt medlemsland har sagt at det vil trekkje seg, eller innan eit tidsrom som begge partar vert samde om, skal innløysingskursen på aksjane til medlemmen vere lik bokverdien på datoen då medlemmen sluttar å vere ein del av institusjonen; bokverdien skal fastsetjast ut frå revidert årsrekneskap for selskapet.
- c) Oppgjer for aksjar, etter at tilsvarende aksjebrev er innleverte, skal skje i dei avdrag og til dei tider og i dei tilgjengelege valutaer som selskapet bestemmer ut frå si økonomiske stilling.

- d) Skyldig oppgjer til ein tidlegare medlem for aksjar etter dette nummeret vert ikkje betalt før ein månad etter datoen då medlemmen har trekt seg frå institusjonen. Dersom selskapet i dette tidsrommet innstiller drifta, skal rettane til slik medlem fastsetjast etter føresegnene i artikkel VI; medlemmen skal framleis reknast som medlem av selskapet i samband med nemnde artikkel, men skal ikkje ha stemmerett.

Artikkel VI

Innstilling og stans av drifta

1. Innstilling av drifta

I naudstilfelle kan styret innstille drifta med omsyn til nye investeringar, lån og garantiar til rådet får høve til å vurdere situasjonen og treffe eigna tiltak.

2. Stans av drifta

- a) Selskapet kan stanse drifta etter vedtak i rådet med eit fleirtal som representerer minst tre firedelar av stemmene til medlemmene, som òg skal omfatte to tredelar av rådsmedlemmene. Ved stans av drifta skal selskapet straks innstille all anna verksemd enn den som er nødvendig for å bevare, verne og realisere eigedelar og gjere opp skyldnader.
- b) Til slike skyldnader er gjorde opp og slike eigedelar er fordelte, skal selskapet framleis eksistere, og alle gjensidige rettar og skyldnader selskapet og medlemmene har etter denne avtalen, skal vare ved utan anna innskrenking enn at ingen medlem kan suspenderast eller trekkje seg og at det ikkje skal betalast noko utbytte til medlemmer, med dei unnatak som er nemnde i denne artikkelen.

3. Medlemsansvar og betaling av gjeld

- a) Medlemsansvar som følgjer av aksjeteikningar, skal stå ved lag til selskapet har gjort opp alle gjeld, medrekna mogeleg framtidig gjeld.
- b) Alle kreditorar som har direkte krav, skal betalast med dei eigedelane i selskapet som slike krav kan belastast mot, og deretter med innbetalingar til selskapet for ikkje-innbetalte aksjeteikningar som slike krav kan belastast mot. Før noko vert betalt ut til kreditorar med direkte krav, skal styret finne fram til dei ordningar det meiner er nødvendige for å sikre ei pro rata fordeling på innehavarar av direkte og potensielle krav.

4. Fordeling av eigedelar

- a) Det skal ikkje delast ut eigedelar i selskapet til medlemmene på grunnlag av dei aksjane dei har i selskapet før alle skyldnader til kreditorar som kan belastast mot slike aksjar er betalte eller det er avsett midlar til det. Vidare må slik fordeling godkjennast ved vedtak i rådet med eit fleirtal som representerer minst tre firedelar av stemmene til medlemmene, som òg skal omfatte to tredelar av rådsmedlemmene.
- b) Eventuell fordeling av eigedelar i selskapet på medlemmene skal stå i forhold til kor mange aksjar medlemmen har og skal skje til dei tider og på dei vilkår selskapet finn rett og rimeleg. Eigedelane som vert fordelte,

treng ikkje vere av einsarta slag. Ingen medlem skal ha rett til å ta imot sin del av slik fordeling av eignedelar før han har gjort opp alle skyldnader til selskapet.

- c) Medlemmer som tek imot eignedelar etter fordeling i medhald av denne artikkelen, skal ha dei same rettane i samband med slike eignedelar som selskapet hadde før dei vart fordelte.

Artikkel VII

Juridisk person, immunitet, fritak og privilegium

1. Omfang

For at selskapet skal kunne oppfylle sine formål og utføre dei oppgåver det er tildelt, skal selskapet på territoriet til kvart medlemsland tilkjennast status, immunitet, fritak og privilegium slik det går fram av denne artikkelen.

2. Juridisk person

Selskapet skal vere ein juridisk person, og skal særskilt ha full evne til:

- a) å inngå kontraktar,
- b) å tileigne seg og avhende fast eigedom og lausøyre,
- c) å gå til rettssak eller forvaltningssak.

3. Rettargang

- a) Sak mot selskapet kan berre reisast for kompetent domstol på territoriet til eit medlemsland der selskapet har kontor, har utnemnt agent til å ta imot forkynning eller melding om rettargang, eller har utferda eller garantert verdipapir. Sak skal ikkje reisast mot selskapet av medlemsland eller personar som handlar på vegner av eller avleier krav frå medlemsland. Slike land eller personar skal likevel kunne gjere seg nytte av dei tvistemålsordningar mellom selskapet og medlemslanda som måtte gå fram av denne avtalen, av vedtektene for selskapet eller av kontraktar som vert inngådde med selskapet.
- b) Eigedom og eignedelar i selskapet, same kvar dei er og kven som sit inne med dei, skal vere immune mot alle former for arrest, beslag eller vedtak om utleggsforretning før det er sagt endeleg dom mot selskapet.

4. Immunitet for eignedelar

Eigedom og eignedelar i selskapet, same kvar dei er og kven som sit inne med dei, skal vere fritekne for ransaking, rekvisisjon, kverrsetjing, oreigning og andre former for inndraging eller pant gjennom forvaltningsvedtak eller lovgeving.

5. Ukrenkelege arkiv

Arkiva til selskapet skal vere ukrenkelege.

6. Fritak for egedelar mot innskrenkingar

I den mon det er nødvendig for å setje selskapet i stand til å oppfylle sine formål og utføre sine oppgåver og å gjennomføre drifta i samsvar med denne avtalen, skal all eigedom og andre egedelar i selskapet vere fritekne frå restriksjonar, reguleringar, kontrollordningar og moratorium av alle slag, med dei unntak som måtte gå fram av denne avtalen.

7. Særrettar for kunngjeringar

Offisielle kunngjeringar frå selskapet skal av kvart medlemsland gjevast same behandling som det gjev offisielle kunngjeringar frå andre medlemmer.

8. Immunitet og særrettar for personar

Alle rådsmedlemmer, styremedlemmer, varamedlemmer, overordna og medarbeidarar i selskapet skal ha følgjande særrettar og immunitet:

- a) immunitet mot rettsforfølging for handlingar dei har gjort i kraft av si stilling, når selskapet ikkje gjev avkall på slik immunitet,
- b) når dei ikkje er lokale statsborgarar - same fritak for innvandringsrestriksjonar, registreringsplikt for utlendingar og obligatorisk militærteneste, og same rettar når det gjeld valutareglar som eit medlemsland gjev representantar, leiarar og tilsette i tilsvarande stilling frå andre medlemsland,
- c) same særrettar med omsyn til reise som medlemslanda gjev representantar, leiarar og tilsette i tilsvarande stilling frå andre medlemsland.

9. Skattefritak

- a) Selskapet og det det har av eigedom, andre egedelar og inntekter, og operasjonar og transaksjonar som selskapet utfører i medhald av denne avtalen, skal vere fritekne for skattlegging og frå alle tollavgifter. Selskapet skal òg vere friteke for alle krav om betaling, førehandsbetaling og innkrevjing av skattar og avgifter.
- b) Skatt skal ikkje innkrevjast på eller i samband med løn eller godtgjersle som selskapet betaler til medarbeidarar i selskapet som ikkje er lokale statsborgarar.
- c) Ingen skatt av noko slag skal leggjast på obligasjonar eller verdipapir utferda av selskapet, heller ikkje på utbytte eller rente på desse, same kven som sit inne med dei:
 - i. når slik skatt diskriminerer slik obligasjon eller slikt verdipapir berre fordi det er utferda av selskapet, eller
 - ii. dersom einaste jurisdiksjonsgrunnlag for slik skatt er staden eller valutaen dei er utferda i, skal betalast i eller vert betalte i, eller plasseringa av kontor eller forretningsstad som selskapet driv.
- d) Ingen skatt av noko slag skal leggjast på obligasjonar eller verdipapir garantert av selskapet, heller ikkje på utbytte eller rente på desse, same kven som sit inne med dei:
 - i. når slik skatt diskriminerer slik obligasjon eller slikt verdipapir berre fordi det er garantert av selskapet, eller
 - ii. dersom einaste jurisdiksjonsgrunnlag for slik skatt er plasseringa av kontor eller forretningsstad som selskapet driv.

10. Gjennomføring

Kvart medlemsland skal i samsvar med sitt juridiske system treffe dei tiltak som er nødvendige for å gjere prinsippa i denne artikkelen gjeldande på eige territorium, og skal informere selskapet om dei tiltak det har sett i verk på dette området.

11. Avkall

Selskapet kan etter eige skjønn gje avkall på privilegia og fritaksordningane i denne artikkelen i den mon og på dei vilkår det sjølv bestemmer.

Artikkel VIII

Endringar

1. Endringar

- a) Denne avtalen kan berre endrast ved vedtak i rådet med eit fleirtal som representerer minst fire femdelar av stemmene til medlemmene, som skal omfatte to tredelar av rådsmedlemmene.
- b) Trass i føresegnene i a) ovanfor krevst det samrøystes tilslutnad i rådet for å godkjenne endringar i:
 - i. retten til å trekkje seg som medlem av selskapet som fastsett i artikkel V nr. 1,
 - ii. retten til å kjøpe aksjar i selskapet som fastsett i artikkel II nr. 5, og
 - iii. ansvarsavgrensinga i artikkel II nr. 6.
- c) Framlegg om å endre denne avtalen, enten frå eit medlemsland eller frå styret, skal oversendast leiaren for rådet, som skal leggje forslaget fram for rådet. Når ei endring er vedteken, skal selskapet stadfeste dette i offisiell kunngjering til alle medlemmene. Endringar skal tre i kraft for alle medlemmer tre månader etter datoen for den offisielle kunngjeringa så sant rådet ikkje fastset annan frist.

Artikkel IX

Tolking og skilddom

1. Tolking

- a) Spørsmål om tolking av føresegnene i denne artikkelen som oppstår mellom ein medlem og selskapet eller mellom medlemmer, skal leggjast fram for styret for avgjerd. Medlemmer som det aktuelle spørsmålet vedgår spesielt, skal ha rett til å vere direkte representerte for styret som fastsett i artikkel IV nr. 4 avsnitt 1.
- b) I tilfelle der styret har gjort eit vedtak etter bokstaven ovanfor, kan medlemmer krevje at spørsmålet vert lagt fram for rådet, som skal avgjere saka endeleg. Før rådet har gjort sitt vedtak, kan selskapet så langt det finn det nødvendig handle på grunnlag av styrevedtaket.

2. Skilssdom

Dersom ei usemje skulle oppstå mellom selskapet og ein medlem som ikkje lenger er medlem, eller mellom selskapet og ein annan medlem etter at det er gjort vedtak om å stanse drifta i institusjonen, skal slik usemje leggjast fram for ein skilssdomstol med tre medlemmer. Ein av skilssdommarane skal utpeikast av selskapet, den andre av medlemslandet saka gjeld og den tredje, med mindre partane avgjer noko anna, av formannen for Den internasjonale domstolen. Skulle all freistnader på å einast om ei løysing slå feil, skal vedtak gjerast med fleirtal blant dei tre skilssdommarane. Den tredje skilssdommaren skal ha fullmakt til å avgjere alle prosedyrespørsmål i tilfelle der partane er usamde om slike spørsmål.

Artikkel X

Allmenne føresegner

1. Hovudkvarter for selskapet

Selskapet skal ha hovudkvarter på same stad som banken. Rådet i selskapet kan etablere andre kontor på territoria til andre medlemsland med eit fleirtal som representerer minst to tredelar av stemmene til medlemmene.

2. Tilhøve til andre organisasjonar

Selskapet kan gjere avtalar med andre organisasjonar med formål som er i tråd med denne avtalen.

3. Kommunikasjonskanalar

Kvar medlem skal utpeike ein offisiell instans som skal syte for kommunikasjon med selskapet i saker som gjeld denne avtalen.

Artikkel XI

Slutføresegner

1. Underteikning og godtaking

- a) Denne avtalen skal deponerast hos banken, der han skal vere open for underteikning av representantane for landa som er oppførte i vedlegg A til 31. desember 1985, eller til ein seinare dato som styret i selskapet fastset. I tilfelle denne avtalen ikkje har tredd i kraft, kan seinare dato fastsetjast av representantane for signatarlanda til sluttakta frå forhandlingane om oppretting av Det interamerikanske investeringsselskapet. Kvar signatarstat til denne avtalen skal deponere hos banken eit dokument som seier at han har godteke eller ratifisert denne avtalen i samsvar med sine eigne lover og har sett i verk dei tiltak som krevst for å kunne oppfylle alle sine skyldnader etter denne avtalen.
- b) Banken skal sende rettkjende kopiar av denne avtalen til medlemslanda og på fastsett måte melde frå til dei om alle underteikningar og deponeringar av godtakings- eller ratifikasjonsdokument i medhald av føregåande

- bokstav, med dato for desse.
- c) På eller etter datoen då selskapet startar drifta, kan banken ta imot under-teikningar og godtakings- eller ratifikasjonsdokument for denne avtalen frå alle medlemsland som er godkjende medlemmer etter artikkel II nr. 1 bokstav b).

2. Iverksetjing

- a) Denne avtalen skal tre i kraft når han er underteikna, og godtakings- eller ratifikasjonsdokument er deponert i samsvar med nr. 1 i denne artikkelen, av representantar for land som har teikna seg for minst to tredelar av det samla aksjetalet som er nemnt i vedlegg A, som skal omfatte:
- teikninga for medlemslandet med størst aksjetal,
 - teikningar for regionale utviklingsland som er medlemmer og som til saman har eit aksjetal større enn alle andre teikningar.
- b) Land som har deponert sine godtakings- eller ratifikasjonsdokument før datoen då avtalen tredde i kraft, skal bli medlemmer på den datoen. Andre land skal bli medlemmer på datoane då godtakings- eller ratifikasjonsdokumenta deira vert deponerte.

3. Igangsetjing av drifta

Så snart denne avtalen tek til å gjelde i samsvar med nr. 2 i denne artikkelen, skal presidenten for banken kalle inn til eit møte i rådet. Selskapet skal starte drifta den dagen slikt møte vert halde.

UTFERDA i Washington DC, USA, i ein original, datert 19. november 1984, som gjeld likt i engelsk, fransk, portugisisk og spansk versjon og som skal vere deponert i arkiva til Den interamerikanske utviklingsbanken, som med si underskrift nedanfor har sagt seg villig til å stå som depositar for denne avtalen og til å melde frå til alle regjeringane i landa som er nemnde i vedlegg A om datoen då denne avtalen skal tre i kraft, i samsvar med artikkel XI nr. 2.

Vedlegg A

Teikningar i den registrerte aksjekapitalen i selskapet
(Aksjar på USD 10 000 kvar)

Land	Innbetalte aksjar	Prosent av aksjekapitalen
<i>Regionale utviklingsland</i>		
Argentina	2 327	11,636 ¹
Brasil	2 327	11,636 ¹
Mexico	1 498	7,490 ²
Venezuela	1 248	6,238 ³
Delsum	7 400	37,000
Chile	690	3,45
Colombia	690	3,45
Peru	420	2,10

Om samtykke til inngåing av avtale av 23. mars 1986 om oppretting av Det interamerikanske investeringselskapet (IIC)

Delsum	1 800	9,00
Bahamas	43	0,215
Barbados	30	0,150
Bolivia	187	0,935
Costa Rica	94	0,470
Den dominikanske republikken	126	0,630
Ecuador	126	0,630
El Salvador	94	0,470
Guatemala	126	0,630
Guyana	36	0,180
Haiti	94	0,470
Honduras	94	0,470
Jamaica	126	0,630
Nicaragua	94	0,470
Panama	94	0,470
Paraguay	94	0,470
Trinidad og Tobago	94	0,470
Uruguay	248	1,240
Delsum	1 800	9,000
Sum	11 000	55,000
USA	5 100	25,50
<i>Andre land</i>		
Austerrike	100	0,50
Frankrike	626	3,13
Forbundsrepublikken Tyskland	626	3,13
Israel	50	0,25
Italia	626	3,13
Japan	626	3,13
Nederland	310	1,55
Spania	626	3,13
Sveits	310	1,55
Delsum	3 900	19,50
Samla sum	20 000	100,00

1 Representantane for Argentina og Brasil slo fast at deira del i aksjekapitalen i selskapet ikkje berre skulle stå i høve til aksjepostane dei har i banken, men òg tilsvare deira relative del av det samla aksjeinnskottet i banken frå regionale utviklingsland.

2 Den meksikanske delegasjonen teiknar aksjetalet ovanfor for å vere med på å eliminere overteikninga som har hindra. Det interamerikanske investeringselskapet i å komme i drift. Mexico vil likevel føre til protokolls at det ønskjer seg ei større deltaking i aksjekapitalen i desse multilaterale organisasjonane, som gjennom eit system av objektive indikatorar ville gje eit sannare bilete av landet både med omsyn til økonomi, folketal og behov for økonomisk støtte til utviklingsprosessen.

3 Venezuela stadfester at det har vedteke å teikne seg for 1 248 aksjar i Det interamerikanske investeringselskapet, som utgjer 6,238% av aksjekapitalen, for at selskapet skal kunne

Om samtykke til inngåing av avtale av 23. mars 1986 om oppretting av Det interamerikanske investeringselskapet (IIC)

komme i drift snarast mogeleg. Venezuela fører likevel til protokolls at det ikkje har gått frå ønsket om ei større deltaking i framtida.
